

Stensletten klar med tre husvere i juli

21.04.2009



Ein optimistisk Sindre Stensletten framfor prosjektet sitt i Herøysundet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førebel sitt har det ikkje skjedd noko meir med Sagvåg Invest sitt prosjekt på Eikelandet, men ved Herøysundet har uskedelingen Sindre Stensletten kome langt med eit prosjekt som er heller likt det i Uskedalen.

- Dei tre første av fire godkjende husvere skal vere klare i juli, opplyser Stensletten til uskedalen.no



Herøysund Brygge ligg utrølig fint til. (Foto: Ola Matti Mathiseen)

- Men heller ikkje eg har seld nokon av husvera til no, legg han til.
- Eg har i det heile ikkje so langt gjort nokon stor innsats med marknadsføring. Det einaste unnataket er at eg la ut prosjektet på finn.no og fekk svært stor respons. Faktisk var 1.200 inne berre det første døgnet.
Men no ligg eg på veret og ventar på visninga av det første husveret 1. juli. Det er det eg sjølv skal bu i.
opplyser Stensletten.
- Herøysund Brygge, som står bak prosjektet, er Stensletten sitt eige familieselskap. Husvera, som er på 116 kvadratmeter, ligg heilt i sjøkanten og det blir fristande å fiska direkte frå terrasssen!
- Heilt nede blir det også ei bryggjestove mot sundet - heilt uavhengig av husvera, fortel Stensletten.
Dei som bur i komplekset får sjølvsagt kvar sin båtplass.

Det er også ein uskedeling som står for byggjinga: Frode Bu, som har firmaet Byggpartner Kvinnherad. Lead inc. i Husnes har teikna prosjektet. Det har to husvere til, men dei skal byggjast seinare.

Sindre Stensletten, som driv firmaet Kvinnherad Maskinutleige, har hatt planen om dette prosjektet i mange år. No er det sju år sidan huset etter hermetikkfabrikken, som låg på denne staden, brann ned.

Av Ola Matti Mathisen